



Sunnfjord  
kommune




# Solsida barnehage avdeling Toene

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	19	20	15
Barn over tre år	26	31	36
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	332,0	332,0	332,0
Arealutnytting i kvm	231	259,5	262,5
Kapasitet arealplassar	73,8	73,8	73,8
Arealplassar i bruk	51,4	57,7	56
Ledige arealplassar	22,4	16,1	17,8

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	0,0	0,0
Assisterande styrar	1,0	1,0
Pedagogisk leiar	4,6	4,0
Barnehagelærar	0,0	2,0
Fagarbeidar	5,2	3,6
Assistent	2,0	2,0
Lærling	2,0	2,0
Snittalder		42,1

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	6,0	6,0	5,5	5,4

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	12,2	12,0	11,0	13,9

## Økonomi (Felles Haugum og Toene)

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	12 448 077	14 228 618	14 107 439	16 629 705
Budsjett	13 382 247	14 352 640	13 949 102	16 722 998
Kostnad per heiltidsplass	136 045	165 449	182 502	208 916

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Førde barneskule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Solsida avdeling Toene er ein sentrumsbarnehage, og det er utvikling både innanfor bustad og næringslivet i Førde.

## Bygningsmasse

Byggeår	2018, kommunal frå 1995.
Areal	614 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	332 kvm
Uteareal	941 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	1,5 km
Avstand til Prestebakken barnehage	180 m
Avstand til Nærleiken barnehage	3,6 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Vi har pedagogar på kvar avdeling
- Motiverte tilsette med lang erfaring
- Utdanning av personalet vert prioritert, og det vert oppmoda om å ta utdanning
- Det vert lagt til rette for planleggingstid

#### Forbetringsområder

- Auka grunnbemanning. Når det er planleggingstid og møte går resten av personalet underbemanna på avdelingane
- Rettleiing av nye tilsette, og av vikarar

### Organisasjonsmessige forhold

#### Dette er vi tilfreds med

- Inndeling av avdelingane er god og bygget er tilpassa dette

- Organisering med 2 småbarnsavdelingar og 2 avdelingar for store barn fungerer godt

### **Forbetringsområder**

- Alle avdelingane bør ha minst 4 vaksne. Det vil føre til mindre stress når personalet skal ut av avdeling på planleggingstid, møte, opplæring m.m, og ein vil ved auka bemanning følge bemanningsnorma heile dagen

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### **Dette er vi tilfreds med**

- Barnehagen blir mykje brukt på ettermiddagane av barn som bur i nærmiljøet
- Kort avstand til Førdehuset, til skogen og til sentrum

### **Andre innspel**

- Det er viktig å tenke på barnet sitt beste, og unngå negative langtidsverknader som strukturendring kan føre til hos barn
- Unngå sentralisering av barnehagar
- Ha like mykje fokus på barnehagane som på skule. Det er i barnehagen grunnlaget vert lagt

## Prosjektgruppa si oppsummering

### **No- situasjonen**

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Solsida barnehage avdeling Toene følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen stod ny hausten 2018 og det er ikkje gjort noko oppgradering sidan bygget stod klart. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har barnehagen i stor grad funksjonelle fasilitetar for tilsette, men dei har ikkje optimale kontorplassar til dei tilsette. Arealet til barn er i stor grad funksjonelle, men dei manglar allrom og har ikkje optimale grovgarderobar. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass. I tillegg treng vi at foreldre søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).